

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skrevet: 07.06.2005
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lover, forskrifter og andre myndigheitskrav i perioden 09.05.05 - 05.06.05**

Styresak 63/05 O

Styremøte 17.06. 2005

Administrerende direktør si orientering pkt. 6

Oversikt over nye lover og lovendringar i perioden 09.05.05 – 05.06.05

Lov	Dato for kunngjering	Kva lover/endringa gjeld	Kommentarar/status
Det er ikkje gitt nye lover eller gjort endringar i relevante lover i perioden.			

Oversikt over nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 09.05.05 – 05.06.05

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endringa gjeld	Kommentarar/status
Midlertidig forskrift om tiltak for å hindre overføring av legionellasmitte frå kjøleanlegg med kjøletårn eller linande	27.05.05	Forskrift om tiltak for å verne befolkninga mot legionellasmitte. Forskrifta set plikt til strakstiltak og andre nødvendige tiltak for de som er ansvarlege for kjøleanlegg med kjøletårn.	Helse Vest har innhenta status hjå føretaka og rapportert til HOD om at kjøletårn i regionen blir haldt vedlike og kontrollert i høve til gjeldande reglar.

Oversikt over myndigheitskrav frå Helse- og Omsorgsdepartementet i perioden 09.05.05 – 05.06.05

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Oppfølging av private spesialistar og psykologar med driftsavtale.	25.05.05	I bestillardokumentet til regionale helseføretak for 2005 blei det stilt krav om at ein skulle kartleggje innhaldet i og etablere eit system for oppfølging av avtaler med private spesialistar. Vidare blei det

		bedt om at ein gjorde ein vurdering av korleis aktivitetsrapportering frå avtalespesialistane blir brukt i planlegginga som ligg til grunn for oppfyljing av "sørgje for"-ansvaret. Alle RHF har gjeve tilbakemelding til HOD. HOD legg til grunn at resultata av det utviklingsarbeid som no blir gjort, på ein heilskapleg måte går inn i dei regionale helseføretaka sitt arbeid med oppfølging og forbetring av forvaltninga av "sørgje for"-ansvaret. HOD legg vidare til grunn at RHF har nødvendig innsyn i og oversikt over tenesteytinga frå private spesialistar og psykologar med driftsavtale. Basert på denne kunnskapen må det gjennomførast nødvendige tiltak for at tenestene frå desse gruppene skal bidra til ein formåls- og kostnadseffektiv spesialisthelseteneste.
Ny forskrift om kjøleanlegg med kjøletårn eller liknande innretning.	30.05.05	I anledning forskrifta ber HOD om at RHF forsikrar seg om at alle tårn er meldt til kommunane innan 30.05.05 kl. 24.00. Det blir vidare bedt om at RHF forsikrar seg om at vedlikehald av kjøletårn er innarbeidd i internkontrollen i det einskilde sjukehus/verksemd og at vedlikehald faktisk har funne stad.